

Referat soknerådsmøte 18.04.2024 i kyrkjestova ved Eiken kyrkje

Møte nr. 03/24

Til stades: Lisa Eiken, Magnar Rune, Eiken, Jørund Saaghus, Valbjørg, Austbø, Bernt Rune Sandrib, Anette Sandnæss, Audun Meland og Anne- Marie Telhaug.

Sak 19/24 **Godkjenning av innkalling og protokoll**
Vedtak: innkalling og protokoll godkjennes.

Sak 20/24 **Informasjon om Soknerådets mandat og rolle (utsatt sak 13/24)**
Kort gjennomgang av dokumentet «Menighetsrådets ansvar og mandat»

Sak 21/24 **Arbeidet i menigheten framover (oppfølging av sak 14/24)**

- **Utbygging/oppgradering kyrkjestova**
Tankar om muleg bruk: konfirmantundervisning/samlingar, kyrkjekaffi, møterom, evt andre samlingar i samband med trusopplæringsarbeidet.
Om lag fem millionar for 100 kvadrat om me vil byggja nytt.
Renovasjon av eksisterangande kyrkjestove ligg under Fellesrådet
Vedtak: Soknerådet ser behovet for oppgradering av kyrkjestova, men på det noverande tidspunktet er ingen for seg å ha kapasitet til å ta tak i dette.
- **Arrangement i 2024 og framover:**
Soknerådet ser ikkje behov for å arrangere julefest.
Det er oppretta eit song- og musikkutvalg i samarbeid med Hægebostad menighetsråd. Utvalget vil arbeide for utvikling av song- og musikk- tilbodet i menighetsarbeidet.
(f.eks forsangarar, prosjektkor barn, prosjektkor vaksne).

Vedtak: Soknerådet vil fortsetje med det vi har som trusopplæringsarbeid, konfirmantarbeid og gudstenester samt konsertar. Anette og Jørund høyrer om sangkrefter til konsert til hausten.
- **Samarbeid med andre misjonsorganisasjonar i Eiken**
Vedtak: Soknerådet vil invitera dei andre misjonsorganisasjonane for å samtale om eit eventuelt tettare samarbeid.

Sak 22/24 **Samtale om frivillige medarbeidere (Utsatt sak: 68/23 og 15/24)**
- Evaluering av det frivillige engasjementet
- Motivasjon og oppmuntring av de frivillige
- Trenger vi andre grupper frivillige?
Vedtak: Saka tas opp på neste møte.

Sak 23/24 **Evaluering Påska 2024**
• **Palmesøndag/påskespel:** Godt oppmøte, gode tilbakemeldingar. Halda fram med

same manus og dei same folka i dei same rollene så langt muleg.
Fleire må med å ha ansvar. Ønskeleg å fordele meir ansvar/oppgåver samt reinskrive manus.

Det er viktig at musikk og allsang underbygger tekstene i påskespelet.

Vedtak: Valbjørg spør Nina og Sigbjørn om å vere med å reinskrive manus.

Det opprettes også ei arbeidsgruppe som har ansvar for det praktiske tilknytta øvingar, kostymer og liknande. Forslag om å få med Åse Kvinlaug, Siri Eiken , Nina Eiken og Valbjørg i denne gruppa. Anette spør Åse om ho kan vere leiar av arbeidsgruppa.

Soknerådet ønsker at palmesøndag er fast dag for påskespelet.

- **Langfredag:** god oppslutning, fin gudsteneste
- **2.påskedag,** fin gudsteneste, meir folk enn vanleg

Sak 24/24 Evaluering Fasteaksjon:

Vedtak: Soknerådet må sette opp 2 personar som er med på opptellinga etter aksjonen.

Sak 25/24 Avklaringar konfirmantfest 5. mai

Jørund kjøper inn pølser med tilbehør, brød og lomper, ketchup, sennep og brus.

Anette ordner med kaker inkludert marsipankake.

Anne- Marie kjøper inn skeier, tallerkenar, koppar, serviettar, kaffi, saft.

Sak 26/24 Forespørsel: Markusevangeliet – forestilling, fiolin og fotografi

Vedtak: Soknerådet vil ikkje takke ja til tilbodet dette året.

Sak 27/24 Saker til felles møte med Hægebostad menighetsråd

Soknerådet har ingen saker til felles møte.

Sak 28/24 Avlegging av årsregnskap

Aktuelle referanser:

Følgande rapporter for 2023 er vedlagt:

- Driftsregnskap (Resultat 2023)
- Balanseregnskapet (Balanse 2023)
- Noter til regnskapet 2021

Driftsregnskapet:

Driftsregnskapet viser at driftsresultatet for 2023 ble et mindre forbruk (overskudd) på kr 118 561,95.

Balansen (egenkapitalen):

Soknets samlede fondsreserver var pr. 31.12.23 kr 610 090,54. Dette er fordelt slik: kr 363.740,90 står på disposisjonsfond "Egenkapital og gjeld", kr 228.755,34 står på disposisjonsfond "Trosopplæring", kr 17.594,30 står på disposisjonsfond "Storsamling", årets mindreforbruk var på 118 561,95 og leverandørgjeld (ofringer som ikke hadde blitt overført) kr 4 673,25.

Vedtak: Eiken sokneråd vedtar at årsregnskap for 2023 avlegges slik det går fram av vedlagte rapporter og noter.

Regnskapsmessig mindreforbruk (overskudd) på kr 118 561,95 fordeles og tilføres disposisjonsfondene slik:

Kr 83 647,43 til disposisjonsfond "Egenkapital og gjeld"

Kr 34 905,72 til disposisjonsfond "Trosopplæring"

Kr 8,80 til disposisjonsfond "Storsamling"

Vedtak: Regnskapet oversendes revisor.

Sak 28/24 Aksjonen «Sammen som kirke i hele verden»

Aksjon frå Kr.himmelfartsdag til St.Hans.

Bruke aksjonen for å løfte vårt eige misjonsprosjekt i Mongolia.

Vedtak: Kyrkjekontoret oppretter eige Vipps-nummer for aksjonen.

Aksjonen informeres om via Facebook, Messenger og liknande. Gjennom perioden kan dei som ønskjer det oppfordre om å støtte prosjektet via videoklipp.

Sak 29/24 Streaming av gudstjenester i Eiken kyrkje

Det er strenge reglar for kva vi kan legge ut på nett utan samtykke.

<https://www.datatilsynet.no/rettigheter-og-plikter/virksomhetenes-plikter/om-behandlingsgrunnlag/samtykke/>

Vedtak: Inntil vidare begrensast streaming til det som skjer framme ved alteret.

Det streames ikkje på sidebenkane, under nattverd, dåp og ofring. BR gjer beskjed til kyrkjetenar om dette.

Soknerådet tar kontakt med KA (kirkens arbeidsgiverorganisasjon) for å finne ut korleis vi skal forholde oss til dette.

Sak 30/24 Møteplan 2024

Vedtak: utsettes til neste møte (forslag 27.08,15.10, 26.11)

Sak 31/24 Eventuelt

Orienteringer:

- Audun informerte frå Fellesrådet ang Kyrkjestova som må oppgraderast/gjerast noko med.
- Bernt Rune informerte om tanker frå Musikkutvalget.
Hægebostad menighetsråd planlegg Alfabkurs vinteren-25.
Dei tova bileta til Solveig vert hengt opp no og fram til pinse.

Felles soknerådsmøte med Hægebostad menighetsråd 11. juni. Hægebostad arrangerer.

Eiken,19.4-24

Valbjørg Austbø, referent